

## **Gjenklang**

*Av Øystein Lydvo, Bjarthe Johansen og Lars Tuastad*

Frå 2006-2015 arrangerte Bjørgvin distriktpsikiatriske senter (DPS) Kulturveka, der interne og eksterne konsertar, kunstutstilling og workshops var del av programmet. Kulturveka vart i perioden 2016-2019 komprimert til tre konsertdagar, under namnet Musikkterapifestivalen. I brukar-spør-brukar-evalueringa av musikkoppfølgingstilbodet MOT82 var eit av funna at fleire hadde opplevd det som stigmatiserande å spele på Musikkterapifestivalen og på Kulturveka-konserten «Psykisk kan du være sjøll!» (Tuastad, Johansen & Østerholt, 2018). Artistane vegrar seg for å invitere vener på ein festival som vektlegg musikkterapi og psykisk helse. Dei ynskjer å stå fram som musikarar på scena og ikkje som «flinke pasientar». Med bakgrunn i dette inviterte musikkterapeutane ved Bjørgvin DPS folk frå musikkterapi miljøet til å sende inn forslag til nytt festivalnamn og dei engasjerte erfaringskonsulent Bjarthe Johansen i festivalkomiteen. Komiteen kåra musikkontakt og tidlegare musikkterapi brukar Jon Magne Karlsen Mangerøy sitt forslag, Gjenklang, til det nye festivalnamnet. «Musikk kling godt i sjela og gjev ulik gjenklang hjå ulike menneske» forklarte Mangerøy, då han tok i mot prisen for beste namneforslag under julekonserten ved MOT82 i desember 2019 (Lydvo & Johansen, 2020). I posteren fortel komiteen om korleis dei har forsøkt å gjere den tidlegare Musikkterapifestivalen om til den meir brukarvennelege festivalen Gjenklang, og ein får sjansen til å høyre og sjå den spesialskrivne låten Gjenklang (Lydvo & Stige, 2021). Gjenklang er i dag organisert under Bjørgvin DPS med økonomisk støtte frå ulik hald, mellom anna frå kriminalomsorga og psykisk helsevern. Det vert jobba aktivt for å gjere Gjenklang til ei eiga foreining. Målsetjingar og verdigrunnlaget for den nye foreininga vert presentert.

## **Referansar**

Lydvo, Ø. & Johansen, B. (2020). Brukermedvirkning gir Gjenklang i Bergen. Musikkterapikonsertar og stigma i psykisk helsefeltet. *Musikkterapi* (1), 2020, s. 18 – 24.

Lydvo, Ø. & Stige, B. (2021). Festival i koronaens tid: Ekstra kjærkommen Gjenklang. *Musikkterapi* (1), 2021, s. 40 – 43.

Tuastad, L.; Johansen, B. & Østerholt, A. L. (2018). Bruker spør bruker – Evaluering av prosjektet MOT82. Bergen: Helse Bergen, Bjørgvin DPS.